

Årsmelding 2006

89.000.000

kroner vart lånt ut gjennom BSU-ordninga

82.528

telefonsamtaler vart motteke på kundesenteret

830

år ansiennitet hadde dei tilsette i SpareBank 1 Hallingdal tilsaman





Foto: Thorgeir Roer

Innhald

	Side		Side
Den anbefalte banken	3	<i>Note 5: Garantiar og andre betinga forpliktingar</i>	24
Styret si årsmelding for 2006	5	<i>Note 6: Prinsipp for periodisering av provisjon, gebyr m.v.</i>	24
Bankmagasinet 2007 ...	12	<i>Note 7: Andre driftskostnader</i>	24
Resultatrekneskap	14	<i>Note 8a: Tillitsvalte og tilsette</i>	25
Balanse per 31. desember 2006	16	<i>Note 8b: Ekstern revisjon</i>	26
Noter til konsernrekneskapen 2006	18	<i>Note 9: Pensjonsforpliktingar</i>	26
<i>Rekneskapsprinsipp</i>	18	<i>Note 10: Finansiell risikokommentar</i>	27
<i>Konsolidering</i>	18	<i>Note 11: Likviditetsrisiko</i>	27
<i>Note 1: Obligasjonar og andre rente-berande verdipapir morbank</i>	18	<i>Note 12: Finansielle derivater – Spar X og BMB</i>	28
<i>Note 2a: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis</i>	18	<i>Note 13: Gjeld</i>	29
<i>Note 2b: Datterselskap</i>	20	<i>Note 14a: Opplysningar om grunnlaget for utrekning av betalbare skattar</i>	29
<i>Note 2c: Tilknytta selskap</i>	20	<i>Note 14b: Utsett skatt</i>	29
<i>Note 3a: Risikoklassifisering av utlånsporteføljen</i>	21	<i>Note 15a: Eigenkapital</i>	30
<i>Note 3b: Prinsipp for vurdering av engasjement</i>	22	<i>Note 15b: Kapitaldekning</i>	30
<i>Note 3c: Tap på utlån</i>	22	<i>Note 15c: Kontantstraumanalyse</i>	31
<i>Note 3d: Utlån fordelt etter næring og geografi</i>	23	Årsmelding frå kontrollkomiteen	32
<i>Note 3e: Overtatte eigedomar</i>	23	Revisjonsberetning	33
<i>Note 4: Varige driftsmidlar – avskrivningar</i>	23	Tillitsvalte i 2006	34
		Visjon/Verdiar/Hovudmål	35

Den anbefalte banken

Foto: Tomas Carlstrøm



Adm. banksjef Knut Oscar Fleten

Sjølv om me ikkje har levert eit betre økonomisk resultat i år enn i fjor har me på mange område vorte ein betre bank for våre kundar. På sikt forventar me at desse forbetringane vil gje utslag i betre økonomiske resultat for banken.

SpareBank 1 Hallingdal leverer produkt og tenester som prismessig er konkurransedyktige. Den tøffe konkurransen mellom bankane og forsikringsselskapa har medført betre pris for kundane og lågare fortjeneste for banken i løpet av 2006. SpareBank 1 Hallingdal må som organisasjon takle omstillinga til lågare margin på våre produkt og tenester. Dette skal me klare slik at me held fram med å vere eit førsteval for våre kundar.

SpareBank 1 Hallingdal har lansert nye tenester og produkt i løpet av 2006. Kontinuerleg fornying av banken sitt innhald er svært viktig for våre kundar. Banken ønskjer å vere ein bank for alle – personkundar, næringslivskundar, offentlege, lag og foreiningar, legat, skuleklassar, osv. Behova blir mange og me er i dag eit finanskonsern som kan tilby forsikring, plassering, lånefinansiering, betalingstenester, eigdomsmekling og rekneskapstenester til våre kunde grupper.

Banken sine kundefrådgjevarar blir stadig flinkare til å basere si rådgjeving på kundane sitt heilheitsbehov. Kundane i vår bank skal oppleve at alle våre tilsette i kundeoppløysing har kompetanse om og evne til å tilby ei god og heilheitleg løysing. Me har i løpet av 2006 satsa ekstra mykje for å nå denne målsettinga. Denne satsinga blir vidareført i 2007.

Tilgjengelegheit er viktig for våre kundar. SpareBank 1 Hallingdal har i løpet av 2006 tilsett fleire rådgjevarar for å auke rådgjevingsskapasiteten i banken. Det er spesielt gledeleg å konstatere at vår næringslivsavdeling – Valhall – har fått fleire dyktige medarbeidarar slik at me kan følgje opp våre bedriftskundar med den kvaliteten som er naudsynt og som er forventa.

Ein annan sentral dimensjon i vår verksemd er at me skal vere med å fremje kultur, idrett og andre viktige aktivitetar i lokalsamfunnet. I denne samanhengen ser me arbeidet mot barn og ungdom som det aller viktigaste. SpareBank 1 Hallingdal har i løpet av 2006 vidareført sin høge aktivitet på dette området. Me viser til vårt bankmagasin som er trykt 24. februar i år.

Me markerte 5. januar 2007 ei hundreårig historie med bankverksemd i Hemsedal. Banken sender medio mars i år ut ein DVD til alle husstandane i Hemsedal. Dette er ein DVD som på ein spennande måte gir ei god og verdig framstilling av samhandlinga mellom Hemsedal Sparebank og bygda Hemsedal. I dag er dette ei avdeling i SpareBank 1 Hallingdal.

Me meiner at me gjennom 2006 har vorte ein betre bank for våre kundar og våre lokalsamfunn. Dette er forbetringar i tråd med vår visjon, og forbetringar som dannar grunnlaget for ytterlegare suksess i åra som kjem – også økonomisk suksess.

SpareBank 1 Hallingdal – den anbefalte banken.



Stig Fische fortel engasjert om fellesgodefinansiering. (Næringslivsdagane 2006)



Frå eit av innslaga til SpareBank 1 Hallingdal. (SpareBank 1, 10-års jubileum på Lillehammer 2006)

Styret si årsmelding for 2006

Konsernet si verksemd omfattar først og fremst morbanken, men til verksemda høyrer også dotter-selskapa Hemsedal Regnskap AS og eigedomsselskapa SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Ål Eigedom AS, samt investeringselskapet SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Det er morselskapet som i hovudsak dannar dei økonomiske storleikane i konsernet, men kommentarane omhandlar heile konsernet.

Norsk og internasjonal økonomi

2006 vart eit nytt år med sterk vekst internasjonalt, og det er framleis USA og Kina som leiar an i oppgangen. Euro-sona og Japan har også hatt ei positiv utvikling, og i Norge er vekstprognosane oppjustert gjennom året. Me har fått ei ny markert stigning i oljeprisane til nye toppnoteringar, men prisane har falle noko ned att mot slutten av året. Det er ikkje lenger frykt for ein kollaps i økonomien som følge av det høge oljeprisnivået me har sett dei siste åra.

Den amerikanske sentralbanken held fram med å setje opp renta i første halvår i 2006. Renta vart sett opp fire gonger med 0,25 prosentpoeng, slik at den no ligg på 5,25%. Me har sett ei viss svekking av den økonomiske veksten gjennom andre halvår, og det er venta at sentralbanken vil senke rentene att i første halvår 2007. I tillegg til ein svakare bustadmarknad og noko svakare privat forbruk, har også den viktige konjunkturindeksen ISM (innkjøpsjefane sin indeks) vorte redusert dei siste månadane. Dette indikerar forventningar om ei svakare utvikling i den amerikanske industrien.

Som nemnd over, har Kina også i 2006 vore svært delaktig i den sterke veksten i verdsøkonomien. På same måte som i USA har me også her sett ein noko svakare utvikling i andre halvår. Den japanske økonomien har utvikla seg positivt, og me har fått ein renteauke på 0,25 prosentpoeng etter at renta har vore på 0,0% sidan 90-talet. Også i Euro-sona har utviklinga vore positiv. Det er først og fremst den eksportdrivne industrien som trekkjer lasset, medan den innanlandske etterspørselen framleis er låg. Det private forbruket har auka noko gjennom året med hjelp av ei betring i arbeidsmarknaden.

Det er framleis høg temperatur i den norske økonomien. Dei høge oljeprisane fører til høg aktivitet og stor optimisme i industrien. Bustadprisane samt privat etterspørsel held seg høgt. Dette speglar seg i kredittetterspørselen som ligg på rekordhøge nivå. Både hushaldningane og bedriftene sin etterspørsel trekkjer opp. Arbeidsmarknaden viser også ei positiv utvikling. I følgje NAV (Arbeids- og velferdsforvaltninga) har arbeidsløysa falle frå 3,0% ved utgangen av 2005 til 2,1% ved utgangen av 2006.

Til trass for den høge aktiviteten i økonomien, har inflasjonen helde seg låg gjennom året. Kjerneinflasjonen som er inflasjon justert for energiprisar og avgiftsendringar, låg i januar 2006 på 0,8%, medan desembertalet var 1,0%. På grunn av den høge aktiviteten i økonomien har sentralbanken likevel vald å halde fram med å setje opp renta slik dei begynte med i 2005. I løpet av 2006 er renta sett opp fem gonger med 0,25 prosentpoeng slik at styringsrenta ved utgangen av året er på 3,5%. Det er venta at sentralbanken vil halde fram med å setje opp renta gjennom 2007.

Lange renter steig markert både internasjonalt og i Norge gjennom første halvår 2006. I andre halvår fekk me ein korreksjon ned i USA og til dels i Europa, medan norske renter har vore nokså uendra. Det betyr at lange norske renter gjennom året har stige med ca. 0,7 prosentpoeng. Differansen mot europeiske renter auka noko. Dei korte norske rentene har stige i takt med at Norges Bank har sett opp renta. 3 månaders pengemarknadsrente har auka om lag 1,3 prosentpoeng. Den amerikanske dollaren har svekka seg mot euro i 2006. Norske kroner er noko svakare mot euro, medan den er sterkare mot dollar. Det har vore eit godt år i internasjonale aksjemarknader og eit nytt svært godt år i den norske aksjemarknaden.

Strategisk samarbeid i SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen har som overordna målsetting å produsere og levere konkurransedyktige finansielle tenester og produkt, samt å ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnader og/eller høgare kvalitet, slik at privatpersonar og bedrifter opplever lokal forankring, dyktigheit, og ein enklare kvardag.

SpareBank 1-bankane driv alliansesamarbeidet og utvikling av produktselskapa gjennom det felles eigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Eigarar av selskapet er SpareBank 1 SR-Bank, SpareBank 1 Midt-Norge, SpareBank 1 Nord-Norge, Sparebanken Hedmark og Samarbeidende Sparebanker AS (18 sparebankar på aust- og vestlandet), samt Landsorganisasjonen/fagforbund knytt til LO.

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100% av aksjane i SpareBank 1 Livsforsikring AS, SpareBank 1 Skadeforsikring AS, Bank 1 Oslo AS, ODIN Forvaltning AS, SpareBank 1 Medlemskort AS og SpareBank 1 Utvikling DA. Selskapet har også eigardel i SpareBank 1 Bilplan AS (19,9%) og First Securities ASA (24,5%).

SpareBank 1 Gruppen AS har og det administrative ansvaret for banksamarbeidsprosessane i SpareBank 1-alliansen, der teknologi, merkevare, kompetanse, felles prosessar/utnytting av beste praksis og innkjøp står sentralt. Alliansen driv og utviklingsarbeid gjennom tre kompetansesentra innafor Læring (Tromsø), Betaling (Trondheim) og Kreditt (Stavanger).

Resultata i SpareBank 1 Gruppen viser ei tilfredsstillande utvikling, med ei avkastning over dei målsettingar som er fastsett av eigarane.

SpareBank 1 Hallingdal si verksemd i 2006


I 2006 har utlånsvæksten vore markant. Med konkurransedyktige prisar har banken hatt ei utlånsvækst innafor privatmarknaden som har vore høgare enn veksttakten for samla kreditt til hushaldningane. Utviklinga i bedriftsmarknaden har hatt ei flatare utvikling, men væksten har vore tiltakande i siste del av året.

Innafor forsikringsområdet har den største innsatsen gjennom heile året vore retta mot sal av OTP – obligatorisk tenestepensjon. Ein hadde venta at dei fleste avtalane ville bli teikna i starten på året, men det viste seg at mange bedrifter utsette avgjerd om kjøp av tenestepensjon til sine tilsette.

Fleire og fleire tenester kan utførast via NettBank og andre nettbaserte tenester. Med bakgrunn i dette har SpareBank 1 Hallingdal fokus på nettsikkerheit og å gje ut BankID til våre privatkundar. BankID er bankane sin elektroniske legitimasjon som kan nyttast til identifisering og signering på internett. Ein elektronisk signatur med BankID er like bindande som ein handskrive signatur på papir. Ei samla banknæring står bak BankID.

Plasseringsområdet har vore prega av at børsane har hatt god utvikling i året. Dei som sparar i aksjefond har hatt god avkastning, og stadig fleire har oppdaga mogelegheitene for meiravkastning ved langsiktig sparing i aksjefond. Elles fekk me to regelendringar som har påverka den langsiktige spareviljen i negativ retning. Fordelen med formueskatt for livrenteprodukt og skattefritak ved sparing i individuell pensjonsavtale (IPA) vart fjerna i 2006.

Konkurransen på utlånssida har vore, og er hard. Presset på marginane er framleis aukande, og er drive fram av dei store bankane. Flexilån har i løpet av året vist seg å bli eit populært utlånprodukt, som stadig fleire privatkundar vel. Flexibiliteten i produktet gjer at mange kundar med ryddig økonomi får meir finansiell fridom.



Banken sine lokale er i tur og orden rusta opp dei siste åra gjennom fleire ut- og ombyggingar. Dette året var turen kome til Hemsedal der ei omfattande ombygging starta på vårparten. I desember var trinn 1 av ombygginga ferdig og banken kunne ta i mot kundane i nye, tidsmessige lokale. Ombygginga er planlagt avslutta til sommaren 2007.

Banken har fokus på at kundefrågjevarane skal kunne vere rådgjevarar i heile produktspekteret som banken tilbyr. Ei omfattande kompetanseheving er sett i verk. Som ein del av dette arbeidet, vart heile Hemsedalsavdelinga teke ut til 4 veker med intensiv opplæring i november. Avdelinga vart i denne perioden drive av fagsjefane og med bistand frå dei andre kontora. Så langt ser opplegget ut til å ha gitt god effekt og tiltaket kan bli aktuelt ved andre kontor.

Risikoforhold og intern kontroll

Styret si målsetting er at banken skal ha ein låg driftsrisiko, og banken sin samla risiko skal liggje godt innafor akseptable grenser. I 2005 starta arbeidet med å fastsette rammer for risiko innafor dei ulike fagområda. Ein samla risikorapport for banken si verksemd er under utarbeiding, men rammene er ikkje vedteke enno.

På same måte som i 2005 har det i 2006 vore fokus på intern kontroll. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollverksemda. Rapportering skjer kvartalsvis til administrerande banksjef. I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning. Mesteparten av banken sine utlån og innskot er på flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta. Banken sin utlånsportefølje med fast rente ved utgangen av året er på 118,2 mill. kroner. Av dette er 76,3 mill. kroner sikra med swap-avtaler. Innskotsporteføljen med fast rente utgjer 22,6 mill. og av dette er 2,5 mill. sikra med swap-avtale. Samla renterisiko er liten.

Banken har ei portefølje på 267 mill. kroner som blir forvalta av ekstern forvaltar. Samansetninga i porteføljen har vore nokså uendra gjennom året. Porteføljen hadde ved utgangen av 2006 ei samansetning på ca. 12,8% aksjar og 87,2% obligasjonar/sertifikat. Aksjeposten har ei overvekt av norske aksjar i høve til utanlandske aksjefond og har ei god spreiding. Urealisert gevinst knytt til aksjeposten var på 9,3 mill. kroner ved utgangen av året. Obligasjonsporteføljen er sett saman av papir med kort durasjon for å redusere renterisikoen mest mogeleg, men det avgrensar samstundes avkastningspotensialet. Gjennomsnittleg durasjon var

ved utgangen av 2006 på 0,21 mot 0,37 for eit år sidan. Den totale renterisikoen i balansen blir vurdert som liten. Sjå elles nærare detaljar i note 10.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine forpliktingar overfor banken. Kredittrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstederar. Kredittrisikoen er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har etablert standardiserte rutinar for kredittgjeving, etablert fullmaktsstruktur og innført risikoklassifisering av alle lån. Risikoprofilen i porteføljen har endra seg lite i året. Lån med høg risiko, svært høg risiko eller misleghald utgjer om lag 11,5% av porteføljen. 88,5% av porteføljen har ei risikoklassifisering frå moderat til svært låg. I løpet av året er andelen lån til privatmarknaden gått opp frå 61,3% ved starten av året til 64,1% ved slutten året. Tala for lån til bedriftsmarknaden har tilsvarande vorte redusert frå 38,7% til 35,9%. Dette er ei utvikling som styret er tilfreds med og gjer at risikoen i porteføljen er redusert då det vanlegvis er knytt større risiko til lån til bedriftsmarknaden. Banken har ei målsetting om å ha maksimalt 40% av utlånsengasjementa til bedriftsmarknaden.

For næringslivskundar utgjer engasjement med moderat risiko eller lågare 81,4 prosent (84,9 prosent i 2005) av porteføljen. Utviklinga viser ein noko redusert andel engasjement med moderat, låg eller svært låg risiko i 2006. Endringar i risikosamansetninga blir overvaka i banken sin risikorapport, og er på eit nivå som må kunne karakteriserast som normal variasjon.

Banken er i liten grad eksponert i forhold til dei mest risiko- og konkurranseutsatte næringane. Banken hadde ved siste årsskifte eit engasjement som overstig 10 prosent av banken sin netto ansvarlege kapital (63,1 mill. kroner), men det er banken sine eigeidomsselskap. Engasjementet utgjorde 15,2 prosent av netto ansvarleg kapital. Banken har til saman 18 engasjement over 10 mill. kroner som til saman utgjer 401 mill. kroner.

Banken hadde ved utgangen av 2006 i alt 985 næringslivskundar med ein gjennomsnittleg engasjementsstørrelse på 1,3 mill. kroner. Dette gir ei god risikospreiing.

For personkundar utgjer engasjement med moderat risiko eller lågare 93,8 prosent (94,1 prosent i 2005) av porteføljen. Risikoklassifiseringa viser at personkundane har ein stabil risikoeksponering over tid, og der andelen med høg risiko er svært låg.


I 2007 er det venta og budsjettert med 4 mill. kroner i samla tap.

Styret vurderer samla kredittrisiko som tilfredsstillande.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i egedelar utan vesentlege ekstrakostnader. Banken har ein langsiktig fundingstrategi og søker å redusere likviditetsrisikoen ved å ha eit balansert forhold mellom langsiktige og kortsiktige innlån. I tillegg legg banken vekt på å ha ein spreidd forfallsstruktur som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg.

Banken har eit behov for å hente pengar i marknaden til å finansiere differansen mellom innskot og utlån. Sjølvfinansieringsgraden har gått noko ned i 2006 som følgje av god utlånsvekst, og det har difor vore behov for å auke innlåna frå marknaden. I tillegg til å refinansiere eksisterande lån, har banken teke opp over 350 mill. kroner i nye lån. Tilgangen på likviditet i marknaden har vore svært god. Konsernet sin likviditetssituasjon per 31.12.06 er god. Av konsernet sitt totale innlånsvolum skal berre 9,6% refinansierast i 2007. Banken har ei god fordeling av innlån i ulike marknadar, ulike innlånsskilder og forfallstidspunkt. Innskot er konsernet si viktigaste finansieringskilde og ved utgangen av 2006 er innskotsdekninga 66%.



Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Banken har etablert rutinar for sikring av god kvalitet i verksemda, med kvartalsvis rapportering av kontrollhandlingar for dei ulike fagområda i banken. I tillegg satsar banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning og vidareutdanning.

Konsernet sin organisasjon

SpareBank 1 Hallingdal har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå fire likeverdige fullservice-kontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol og Fagernes. Datterselskapet Hemsedal Regnskap AS er lokalisert i Hemsedal.

Ved utgangen av året hadde konsernet 77 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 71,0 mot 69,7 årsverk året før.

Samla personalkostnader, inkludert pensjonskostnader og sosiale kostnader utgjorde 38,5 mill. kroner i 2006. Godtgjersle til administrerande banksjef, styret og andre tillitsvalde går fram av notane. Det same gjer lån og garantiar til banken sine tillits- og tenestemenn.

Morbanken held i 2006 fram med si satsing på kompetanseheving. Fleire tilsette deltok på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet. I 2005 var banken delaktig i å få på plass eit utdanningsprogram innafor alliansen, læringshuset. Implementering av dette er gjennomført og det er eit stort kompetanseløft som er gjennomført i banken på dette området i 2006. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal har eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemmer og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Banken har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelsetjeneste (HAVA BHT). Bedriftshelsetenesta har hjulpet banken med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurdering og ergonomiopplæring, og er disponibel i samband med oppfølging av sjukefråvere m.m. Den årlege klimaundersøkinga er gjennomført i 2006, og er følgt opp på alle nivå i banken. I 2006 vart det sett i gang ei risikovurdering for HMS-områda i banken. Dette arbeidet held fram i 2007.

Sjukefråveret i banken er stabilt lågt og under gjennomsnittet i bransjen. I 2006 var samla sjukefråvere på 4,4% av total arbeidstid (mot 4,0% i 2005). Av dette var 3,7% legemeldt (mot 3,5% i 2005). Sjukefråveret skuldast i hovudsak fleire langtidssjukemeldte og fordeler seg med 0,8% for menn og 6,9% for kvinner. I Hemsedal Regnskap AS har sjukefråveret vore 0,9% i 2006 mot 0,25% i 2005.

Banken har ikkje vore utsett for ran i 2006, og det er ikkje registret personskadar eller ulykker av nokon art.

Forureining av det ytre miljøet som følgje av banken si verksemd er minimal.

Likestilling

I samsvar med krav i likestillingslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Tilsette i konsernet per 31.12.06 fordelte seg med 58% kvinner og 42% menn. Ved utgangen av 2006 hadde morbanken 68 tilsette tilsvarande 64,5 årsverk. I morbanken var fordelinga 60% kvinner og 40% menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 26% og i morbanken 28%. I styret er samansetninga 4 menn og 3 kvinner. Gjennomsnittsalderen for tilsette i morbanken er 43 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene er 41 år, mens det for kvinnelege leiarar er 44 år.

Tilsvarende er gjennomsnittsalderen for mennene i morbanken 47 år, mens det for mannlige leiarar er 45 år. Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det kan vere stor lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholde til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholde blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling, må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Resultatet for 2006 i morbank

Driftsresultatet før tap og skatt i morbank vart 40,5 mill. kroner eller 1,02% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I høve til 2005 er dette ein del svakare då resultatet var 54,7 mill. kroner, eller 1,5%. Resultatendringa skuldast i hovudsak redusert avkastning på verdipapir, lågare netto rente- og kredittprovisjonsinntekter og høgre kostnader.

Resultatet før skatt har ein større reduksjon, 44,7 mill. kroner mot 69,7 mill. i 2005. Årsaka er i tillegg til nemnde tilhøve, at 2005 var eit spesielt år med eit positivt bidrag frå tapspostane. Medan banken i 2005 hadde eit positivt resultatbidrag frå tapspostane med nesten 11 mill. kroner, er tilsvarende tal for 2006 1,2 mill.

Resultat etter skatt enda på 32,7 mill. kroner mot 52,3 mill. i 2005. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 5,2%, og er ein del lågare enn banken si målsetting.

Fjoråret var prega av auke i rentenivået. Norges Bank auka styringsrenta med 0,25 prosentpoeng fem gonger i løpet av året. Morbanken sine netto rente- og kredittprovisjonsinntekter enda på 84,7 mill. kroner, som tilsvarar ein rentenetto på 2,12% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Tilsvarende tal for 2005 var 87,1 mill. kroner og 2,39%. Rentemarginen er redusert frå 2,69% til 2,36% det siste året.

Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 31,9 mill. kroner eller 0,8% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Av dette utgjorde netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester 23,9 mill. kroner, og er ein auke på 2,2% frå året før. Fjoråret hadde ein sterk økonomisk vekst på verdsbasis og i Norge. Risikoen i banken sin verdipapirportefølje med hovudvekt på rentepapir, er svært låg. Difor er også banken sitt avkastningspotensiale på verdipapir redusert. I 2006 vart samla gevinst på verdipapir på 4,8 mill. kroner der kursgevinstar på aksjar utgjør hovuddelen med vel 4,5 mill. kroner.

Sum driftskostnader auka i 2006 til 76,2 mill. kroner og utgjør 1,91% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.


Samanliknande tal for 2005 var 70,2 mill. kroner og 1,93%. Auken i samla kostnader er på 8,5% og tilsvarar om lag veksten i forvaltningskapitalen. Personalkostnadane utgjør den største auken med 2,9 mill. kroner eller 8,9%. Av auken utgjør løn til tilsette ein auke på 1,3 mill. eller 6,1%. Talet på tilsette har vore om lag uendra i året. Det er utbetalt 1,0 mill. kroner i bonus til tilsette.

Administrasjonskostnadane har ein auke på 1,2 mill. kroner som i hovudsak er auka utgifter til IT-drift. Andre driftskostnader aukar også med 1,7 mill. kroner og skuldast eit betydeleg høgare tenestekjøp, og høgare husleige til dotterselskapa enn i 2005. Banken sin kostnadsprosent for 2006 vart 68,0 i høve til banken sine driftsinntekter etter korrigerer for inntekter frå verdipapir. For 2005 var kostnadsprosenten 62,0. Auken i kostnadsprosenten skuldast i hovudsak at inntektsutviklinga ikkje har same utvikling som auken i banken sin forvaltningskapital, og er eit resultat av stadig større press på banken si hovudinntektskjelde som er netto rente- og kredittprovisjonsinntekter. I tillegg har banken ei verdipapirportefølje som vil ha ei meir stabil avkastning enn tidlegare, men som heller ikkje kan gje så positive resultatbidrag som tilfellet var i 2004 og 2005.

Banken har gjort store investeringar dei siste åra. På personalsida gjennom fleire tilsette og satsing på kompetanseheving, bygningsmessig gjennom nye og moderne lokale tilpassa ønskje om ei kvalitativt betre rådgjeving av kundane. Styret forventar at desse investeringane skal gje auka inntekter i åra framover.

Tap på utlån og garantiar er i 2006 bokført med ei nettoinntekt på 1,2 mill. kroner. Konstaterte tap i året utgjør 0,9 mill. kroner, nettoendringa i tapsavsetningane er positiv med 0,6 mill., og inngang på tidlegare konstaterte tap (bl.a. sal av overtatt eigeidom) utgjør 1,5 mill. kroner.

Kostnadsprosent morbank
ekskl. verdipapir



Individuelle nedskrivningar utgjør 2,6 mill. kroner ved utgangen av 2006 og er ein nedgang på 1,0 mill. kroner frå året før. Misleghalde lån over 90 dagar utgjør 50,5 mill. kroner og er ein auke på 21,2 mill. frå 2005. Misleghaldet utgjør 1,32% av brutto utlån og er ein auke frå 0,89% året før.

Gruppevis nedskrivningar utgjer 10,6 mill. kroner ved utgangen av året. Etter gamle tapsforskrifter heitte denne posten uspesifiserte tapsavsetningar. I samband med overgang til ny utlånsforskrift frå 2006 vart avsetninga redusert med ca. 12 mill. kroner. Reduksjonen blei ført mot eigenkapitalen og utsett skatt.

Etter frådrag for skatt med 12,5 mill. kroner, vart resultatet av ordinær drift i morbanken 32,7 mill. kroner mot 52,3 mill. kroner i 2005.

I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

Resultatet for 2006 i konsernet

Det er morbanken som utgjer dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Datterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen. Eigedomsselskapa skal i utgangspunktet ha eit resultat tilnærma i balanse og skal såleis ha liten netto innverknad på konserntala, men vil virke inn på dei ulike resultatpostane.


Driftsresultatet før tap og skatt i konsernet vart 41,4 mill. kroner eller 1,03% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I høve til 2005 er dette ein del svakare då resultatet var 54,9 mill. kroner, eller 1,52%. Resultatendringa kjem i hovudsak frå morbanken som kommentert ovanfor. Resultatet før skatt har ein større reduksjon, 45,2 mill. kroner mot 69,9 mill. i 2005.

Resultat etter skatt enda på 32,8 mill. kroner mot 52,4 mill. i 2005. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 5,3%.

Årsoverskot og disponeringar


Styret foreslår følgjande disponeringar:

Årsoverskot av ordinær drift etter skatt	kr 32.702.000,-
Overført til sparebanken sitt fond	kr 32.577.000,-
Overført til gáver med álmennyttige føremål	kr 125.000,-
Sum disponert	kr 32.702.000,-




Balansen

Konsernet hadde ved utgangen av 2006 ein forvaltningskapital på 4348,9 mill. kroner, som er ein auke i 2006 på 624 mill. kroner eller 16,8%. Konsernet fekk tilført kapital i året gjennom auke i innskot frå kundar på 212,5 mill. kroner eller 9,2%. I 2005 var innskotsauken 9,9%.



Samla utlån auka 531,6 mill. kroner, eller 16,6% i fjor. Veksten i 2005 var 5,6%. Av denne veksten kom 429,6 mill. kroner frå private, medan næringslivet hadde ein samla vekst på 102 mill. kroner. Fordelinga mellom lån til personmarknaden og bedriftsmarknaden var ved utgangen av året 64,1% og 35,9% av banken si samla utlånsmasse. Dette er ei fordeling som banken er nøgd med då utlån til næringslivet utgjorde over 45% i 1999. Målsettinga er å halde lån til næringslivet under 40% av banken sine samla utlån.




Med den sterke utlånsveksten har innskotsdekninga vorte redusert i året. Frå eit nivå på over 70% i starten på året, fall den til 66% ved utgangen av året, og er no på eit historisk lågt nivå for banken.

Konsernet sin eigenkapital

Etter forslag til avsetningar utgjer konsernet sin eigenkapital ved utgangen av året 636 mill. kroner. Konsernet si kapitaldekning er 18,9%, lovkravet er minimum 8%.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt vart 5,3% i 2006 mot 9,2% i 2005.

Eigenkapital (mill. kr), konsern



Dotterselskap

Alle dotterselskapa er heileigde av morselskapet.

Hemsedal Regnskap AS vart stifta i 1984. Selskapet leverer rekneskapstenester og rådgjeving til næringslivet i området, og er det einaste lokale rekneskapsfirma med ein viss storleik i Hemsedal. Ved årsskiftet hadde selskapet 8 fast tilsette. Hemsedal Regnskap AS hadde eit resultat etter skatt i 2006 på kr 122.000 mot kr 15.000 i 2005.

Tidlegare SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS har i 2006 endra namn og føremål. Nytt namn er SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og føremålet for selskapet etter endringa er å investere i verksemdar. Selskapet vart stifta i 1982. Selskapet har ingen fast tilsette. I dei 10 første månadane i året stod selskapet for utleige av lokale til banken på Ål. Selskapet sin eigedom og driftslausøyre vart seld til SpareBank 1 Ål Eigedom AS i året. Gevinst ved sal av driftslausøyre med kr 4,5 mill. kroner er eliminert i konsernrekneskapen. Selskapet eig 1/3 av aksjane i Torpomoen Eigedom AS som vart stifta i 2003. I tillegg eig selskapet 18% av aksjane i Torpomoen Drift AS stifta i 2005. Frå desse selskapa er det innarbeidd eit underskot på kr 327.000 i 2006. Resultatet etter skatt i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS er negativt med vel 0,7 mill. kroner i 2006 og er uendra frå 2005.

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i 2004, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken i Hemsedal, Hemsedal Regnskap AS og nokre eksterne leigetakarar. Resultat etter skatt i 2006 vart kr 300.000 mot eit underskot på kr 90.000 i sitt første

heile driftsår i 2005. Ombygginga av bankbygget i Hemsedal blir kostnadsført i eigedomsselskapet.

SpareBank 1 Gol Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i mai 2005, og har ein fast tilsett. Selskapet leiger ut lokale til banken i Gol. Resultatet etter skatt vart kr 528.000 mot kr 378.000 i 2005.

SpareBank 1 Ål Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i september 2006, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken på Ål, og til nokre eksterne leigetakarar i underetasjen i Ålingen kjøpesenter. Resultatet etter 2 månadar drift er eit bokført underskot på kr 9.000.

Utsiktene for 2007

Banken forventar eit framleis høgt aktivitetsnivå i 2007. Kjøpekrafta til hushaldningane er venta å halde seg god sjølv med stigande rentenivå. Bedriftene leverer gode resultat for 2006 og har god likviditet ved inngangen til 2007. I næringslivet er aktiviteten svært høg og innan t.d. bygningsbransjen er ordreservane (fritids eigedomar) store. I tillegg er nye prosjekt og område under utbygging. Jordbruket er inne i ein omstillingsprosess som vil krevje investeringar framover. Bankens ventar at fleire planlagde minikraftverk blir realisert etter kvart.

Banken ønskjer å ta eit større grep på omsetning av fritidsbustader i Hallingdal. EiendomsMegler 1 kjem til å opne kontor i Hemsedal i mars 2007, samstundes som dei får fleire tilsette. Samarbeidet mellom meklar og bank skal styrkast for å gje auka marknadsandel.

Banken forventar i 2007 eit resultat på nivå med 2006. Banken har investert mykje i tilsette som arbeider ut mot kundane dei siste åra, og denne satsinga vil halde fram. Styret ventar at desse investeringane skal gje inntektsvekst framover.

Avsluttande merknader

Styret takkar kundar, forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for eit godt samarbeid i 2006.

Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for år 2007.

Ein syner elles til rekneskapen med noter.

Hallingdal, den 31. desember 2006/6. februar 2007

Kjell Vidar Bergo (sign.)
Styreformann

Kjell R. Kristiansen (sign.)
Nestformann

Sissel Bjørøen (sign.)

Berit Heitmann Skringo (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

Knut Oscar Fleten (sign.)
Adm. banksjef

Årets julegåve

Barn i Russland er råka av dårlege levekår. 25 prosent lever under fattigdomsgrensa. Etter 25 år med samanhengande krig lår befolkninga i Sudan av minimal tilgang på helse-tenester og reinl vatn. Røde Kors er innre i begge desse landa for å hjelpe.

SporeBank 1 Hallingdal har gitt 50.000 kroner til barn i Russland og betre helseilbod i Sor Sudan.

Kritisk helseilbod
I Sor Sudan er det ganske heile for helseilbodet i Sor Sudan. Det er mange barn som er sjuke og døde. Det er mange barn som er sjuke og døde. Det er mange barn som er sjuke og døde.

Vedlegg julegave
Kjære lesar, i år har vi gitt deg eit vedlegg som er ei gave som kan hjelpe barn i Russland og Sor Sudan. Det er mange barn som er sjuke og døde. Det er mange barn som er sjuke og døde.

Positive reaksjonar
I år har vi gitt deg eit vedlegg som er ei gave som kan hjelpe barn i Russland og Sor Sudan. Det er mange barn som er sjuke og døde. Det er mange barn som er sjuke og døde.

Samlingsengasjert
I år har vi gitt deg eit vedlegg som er ei gave som kan hjelpe barn i Russland og Sor Sudan. Det er mange barn som er sjuke og døde. Det er mange barn som er sjuke og døde.

Vaskar seg til Island

Elevane i to klasse i Hemsedal har jobba i seks år for å kunne reise på klassetur til våren. No nærmar det seg avreise og klassescassa rommar snart 200 000 kroner.

Måske for
Det er det å reise til Island. Det er det å reise til Island. Det er det å reise til Island.

Ser fram til tur
Kine Marie og Camilla har jobba i seks år for å kunne reise på klassetur til våren. No nærmar det seg avreise og klassescassa rommar snart 200 000 kroner.

Bordlært
Kine Marie og Camilla har jobba i seks år for å kunne reise på klassetur til våren. No nærmar det seg avreise og klassescassa rommar snart 200 000 kroner.

Prøper for
Kine Marie og Camilla har jobba i seks år for å kunne reise på klassetur til våren. No nærmar det seg avreise og klassescassa rommar snart 200 000 kroner.

Bank i Børdet
Bank i Børdet er ei gave som kan hjelpe barn i Russland og Sor Sudan. Det er mange barn som er sjuke og døde. Det er mange barn som er sjuke og døde.

Kine Marie B. Nordhuus (t.v.) og Camilla Jordheim må vaske sveitte sykkelseter og møkkete golv for at klassen skal få pengar til tur til Island i juni.

I Bankmagasinet kan du få eit innblikk i kva for verdier banken fører attende til lokalsamfunnet. – Vi har eit samfunnsansvar, seier adm. banksjef Knut Oscar Fleten.

BANK- MAGASINET



Kvinner og økonomi

Eit litt anleis seminar om privatøkonomi side 6-7

Næringslivs- dagane

Møteplassen for næringslivet i Hallingdal side 10-11

«Ny» bank i Hemsedal

Bank, forsikring og eigedoms-
meklar under same tak i
nyoppussa bygg side 22-23

Årets julegåve

50.000 kroner til Røde Kors sine
prosjekt i Sudan og Russland
side 34-35

SpareBank **1** Hallingdal

Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2006 Morbank	2006 Konsern	2005 Morbank	2005 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		3.257	3.257	4.790	4.790
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		152.813	150.506	127.105	125.186
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	7.865	7.865	8.316	8.316
Andre renteinntekter og liknande inntekter		106	107	–	1
Sum renteinntekter og liknande inntekter		164.041	161.735	140.211	138.293
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		9.393	9.393	5.331	5.331
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		47.600	47.538	29.306	29.284
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		22.275	22.275	18.426	18.426
Andre rentekostnader og liknande kostnader		26	28	16	16
Sum rentekostnader og liknande kostnader		79.294	79.234	53.079	53.057
NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER		84.747	82.501	87.132	85.236
Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2a	1.184	1.184	1.383	1.383
Inntekter av eigarinteresser i tilknyttta selskap	2c	–	-328	–	-799
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2b	216	–	-438	–
Sum utbytte og andre inntekter av v.pap. med var. avkastning		1.400	856	945	584
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon	5	5.861	5.861	7.343	7.343
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	20.525	20.520	17.773	17.773
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		26.386	26.381	25.116	25.116
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		2.490	2.490	1.745	1.745
Netto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.					
Nto verdiendr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.	1	-1.110	-1.110	1.461	1.461
Nto verdiendr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		4.512	4.512	8.552	8.552
Nto verdiendr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	1.419	1.419	1.667	1.667
Sum nto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.		4.821	4.821	11.680	11.680
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	87	727	79	1.200
Andre driftsinntekter		1.748	5.193	1.711	4.867
Sum andre driftsinntekter		1.835	5.920	1.790	6.067
Løn og generelle administrasjonskostnader					
Løn m.v.					
Løn	8a	26.821	29.572	24.807	27.065
Pensjonar	9	3.359	3.653	3.116	3.463
Sosiale kostnader		4.990	5.293	4.367	4.699
Administrasjonskostnader		22.283	22.372	21.106	21.109
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		57.453	60.890	53.396	56.336

	Note	2006 Morbank	2006 Konsern	2005 Morbank	2005 Konsern
<i>Avskrivningar m.v. av varige dr.middel og immatr. eigned.</i>					
Ordinære avskrivningar	4	1.637	5.441	1.477	4.920
Andre driftskostnader					
Driftskostnader faste eignedomar		24	693	19	610
Andre driftskostnader	7	17.080	9.552	15.349	10.189
Sum andre driftskostnader		17.104	10.245	15.368	10.799
Tap på utlån og garantiar					
Tap på utlån	3	-1.188	-1.188	-10.821	-10.821
Sum tap på utlån, garantiar m.v.		-1.188	-1.188	-10.821	-10.821
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler					
Nedskrivning/reversering av nedskrivning	2a	–	443	-4.733	-4.733
Gevinst/tap		-2.995	-2.995	517	517
Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.		-2.995	-2.552	-4.216	-4.216
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		44.688	45.153	69.714	69.920
Skatt på ordinært resultat	14	11.986	12.370	17.365	17.510
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		32.702	32.783	52.349	52.410
RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET		32.702	32.783	52.349	52.410
Overføringar og disponeringar					
Disponeringar					
Overført til sparebanken sitt fond	15	32.577	–	52.239	–
Overført til gåver		125	–	110	–
SUM DISPONERINGAR		32.702	–	52.349	–

Balanse per 31. desember 2006

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2006 Morbank	2006 Konsern	2005 Morbank	2005 Konsern
Kontantar og fordringar på sentralbankar		27.804	27.804	50.704	50.704
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar					
Utlån til og fordr. på kred.inst. utan avtalt løpet.el.opps.frist		172.437	172.437	115.483	115.483
Utlån til og fordr. på kred.inst. med avtalt løpet.el.opps.frist		25.000	25.492		
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		197.437	197.929	115.483	115.483
Utlån til og fordringar på kundar					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		593.195	593.195	255.240	255.240
Byggjelån		67.345	42.994	47.608	47.608
Nedbetalingslån		3.153.035	3.097.473	2.968.711	2.899.233
Sum utlån før nedskrivning		3.813.575	3.733.662	3.271.559	3.202.081
- Individuelle nedskrivningar	3	2.563	2.563	3.611	3.611
- Gruppevise nedskrivningar	3	10.600	10.600	22.145	22.145
Sum netto utlån og fordringar på kundar		3.800.412	3.720.499	3.245.803	3.176.325
Overtatte egedelar	3e	-	-	2.666	2.666
Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir m/fast avkastning					
Utstedt av det offentlege - sertifikat og obligasjonar		94.616	94.616	94.686	94.686
Utstedt av andre - sertifikat og obligasjonar		132.973	132.973	123.940	123.940
Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir	1	227.589	227.589	218.626	218.626
Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2a	65.064	66.131	59.196	60.082
Andelar i ansvarlege selskap, kommandittselskap m.v.	2a	995	995	1.053	1.053
Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning		66.059	67.126	60.249	61.135
Eigarinteresser i tilknytta selskap	2c	-	1.420	-	1.568
Eigarinteresser i konsernselskap	2b	4.389	-	1.170	-
Immaterielle egedelar					
Goodwill		-	-	-	4
Utsett skattefordel	14	-	-	1.106	1.963
Sum immaterielle egedelar		-	-	1.106	1.967
Varige driftsmiddel					
Maskinar, inventar og transportmidlar		2.650	6.664	2.984	8.353
Bygningar og andre faste eigedomar		1.826	67.792	1.826	57.999
Andre varige driftsmiddel		4.245	4.245	4.557	4.557
Sum varige driftsmiddel	4	8.721	78.701	9.367	70.909
Andre egedelar					
Finansielle derivater	12	608	608	549	549
Andre egedelar		3.066	3.066	4.594	5.397
Sum andre egedelar		3.674	3.674	5.143	5.946
Forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter					
Opptente ikkje mottekne inntekter		12.411	12.411	9.355	9.355
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9,14	8.362	8.768	5.490	5.820
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		760	2.983	2.788	3.920
Sum forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter		21.533	24.162	17.633	19.095
SUM EIGEDELAR	10,11	4.357.618	4.348.904	3.727.950	3.724.424

GJELD OG EIGENKAPITAL		2006	2006	2005	2005
	Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
GJELD					
Gjeld til kredittinstitusjonar					
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		377.000	377.000	200.000	200.000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	10,11	377.000	377.000	200.000	200.000
Innskot frå og gjeld til kundar					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		2.279.422	2.274.897	1.961.750	1.958.383
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		238.598	238.598	343.783	343.783
Sum innskot frå og gjeld til kundar	10,11	2.518.020	2.513.495	2.305.533	2.302.166
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir					
Obligasjonsgjeld		729.790	729.790	590.373	590.373
- Eigne ikkje - amortiserte obligasjonar	12	3.250	3.250	9.259	9.259
Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	10,11	726.540	726.540	581.114	581.114
Anna gjeld					
Finansielle derivater	12	156	156	526	526
Anna gjeld		75.924	71.529	26.220	26.668
Sum anna gjeld		76.080	71.685	26.746	27.194
Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter		11.177	12.829	12.313	12.313
Avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar					
Pensjonsforpliktingar	9,14	9.897	10.473	8.186	8.609
Utsett skatt		1.898	831	-	-
Sum avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar		11.795	11.304	8.186	8.609
SUM GJELD		3.720.612	3.712.853	3.133.892	3.131.396
EIGENKAPITAL					
Opptent egenkapital					
Sparebanken sitt fond	15	637.006	637.006	594.058	594.058
Anna egenkapital			-955		-1.030
Sum opptent egenkapital		637.006	636.051	594.058	593.028
SUM EIGENKAPITAL		637.006	636.051	594.058	593.028
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		4.357.618	4.348.904	3.727.950	3.724.424
POSTAR UTANOM BALANSEN					
Betinga forpliktingar					
Garantiar	5				
Pantstillingar	1,5				
Eigenkapitalrelaterte derivat	12				

Hallingdal, den 31. desember 2006/6. februar 2007

Kjell Vidar Bergo (sign.) Styreformann	Kjell R. Kristiansen (sign.) Nestformann	Sissel Bjørøen (sign.)
Berit Heitmann Skrindo (sign.)	Vidar Isungset (sign.)	Knut Oscar Fleten (sign.) Adm. banksjef

Noter til konsernrekneskapen 2006

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte notar. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

Konsolidering

Konsernrekneskapen som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS og SpareBank 1 Ål Eigedom AS.

Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde dotterselskapa blir eliminert.

Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir. Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljepriippet er nytta. Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar/ansvarlege lån på kr 242 mill. utgjer avkastninga 2,42%.

Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

Obligasjonar/ansvarlege lån morbank	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsverdi
Børsnotert			
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklassar:			
Utstedt av det offentlege	0%	94.616	94.116
Utstedt av andre	20%	106.799	106.439
Kredittføretak	20%	27.202	27.034
		228.617	227.589
Porteføljenedskrivning		1.028	–
Sum obligasjonar/ansvarlege lån morbank		227.589	227.589

Rentefølsemd på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemd rekna til 434 ved 1%-poeng renteendring.

Fastsett ramme for rentefølsemd er 6.900 ved 1%-poeng renteendring. Plasseringane er innanfor fastsett ramme.

Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar

–

Ansvarleg lånekapital bokført under utlån

2.998

Sum ansvarleg lånekapital

2.998

Note 2a: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsporfølje.

Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljane.

Nedskrivning blir gjort dersom marknadsverdi for porteføljen er lågare enn kostpris.

Aksjar:	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsverdi
Royal Carribean Cruise Lines	1.174	279	304
Stolt-Nielsen	790	94	151
